

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGERDato: 19.03.2019
Vår ref.: 2018/72-43
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.: 15/1929-19/3167

Utbetaling spelemidler 2018 anleggsnr 70377 100m DFS skytebane Stokkedalen - Radøy kommune

Vi har motteke dykkar brev av 28. februar 2019 med oppmoding om utbetaling av løyvde spelemidler 2018 til 100m DFS skytebane Stokkedalen.

Vedlagt følgde ferdigattest og sluttrekneskap, stadfesta av kommunerevisjonen.

Radøy skyttarlag fekk tildelt kr 577 000,- til 100m DFS bane. Revidert sluttrekneskap var på kr 2 036 542,-. Spelemidler vert betalt ut med inntil 1/3 av prosjektet sin totalkostnad for ordinære anlegg.

Etter dette kan vi melde om at kr 577 000,- av løyvde spelemidler 2018 vert overført til Radøy kommune over bankkonto 3636 07 00776 Overføringa vert merka; Spelemidler 100m DFS bane Stokkedalen.

Vi ber om at de står for utbetaling av løyvinga etter gjeldande reglar.

Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Britt Karen Spjeld
Leiar

Bjørg Larsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.